

Årsmelding 2018 Birtedalen sti- og løypelag



I tillegg til årsmøte har vi hatt 1 styremøte og korrespondanse på epost.

Saker har vore:

- Planlegge årsmøte
- Planar for sommararbeid i løypene
- Tilbod frå skisporet.no
- Barneskirenn i påska
- Basar
- Oppdatere kart i skiløypa
- Kjøp av snoskuter med groomer
- Søknad om årleg støtte til løypekøyning frå kommunen
- Søknad om momskompensasjon
- Høyringsuttale til Nye Gjøv Kraftverk (dei i styret som var inhabile var ikkje deltakande i høyringsuttala)
- Kjøp av kompaktor
- Grunneigaravtale med gnr/bnr 17/2 Getz Langevoll om skiløypa.

Arbeid gjennom året:

Parkeringsplass ved Birte.

Dugnad frå Midttjønn inn til Deildebergbukta 11.august, rydding av trase langs Birtevatn. 7 mann i arbeid som la ned 40,5 dugnadstimar.

Dugnad over to dagar, 01.-02. september, rydding av løypetraseen over Rjupeto.

Frå Fjalebubekken til botnen av Lennårskaret.

Overnatting på Granbustøyl turisthytte.

Mange av hyttefelta var representerte;

Griddalen, Åsen, Solliåsen Syd, Osen, Kile, Fisketjønn, Bjorhustjønn, Birte og Åbodokki.

Verdien av det arbeidet som blei nedlagt er ca kr 55 000,-.

Dette er verdien av 139 dugnadstimar, 20 timar med gravemaskin, 10 timar med traktor.

Det er gjordt "privat dugnad" i løypa med å setje fast dreneringsrør.

22.desember var skiløypa køyrd på dugnad av 7 personar, tilsaman 40 timar dugnad

27. desember var det på nytt 7 personar på dugnad, tilsaman 42 timar.

Det er då lagt ned tilsaman 261,5 registrerte dugnadstimar i 2018 +basar +alle dei ikkje registrerte timane +styrearbeid.

I november er det bygd løypetrase langs Osen i Fisketjønn hyttefelt. Dette er mange timar med gravemaskinarbeid og mykje steinmassar.

Basaren blei arrangert 11. august på gamlebutikken. Aase Tovslid leia komiteen. Hovudgevinst var kniv og jentebunad. Flotte gevinstar! Det var mindre folk på basaren enn året før. Vi hadde og bok ute. Takk til alle som stiller opp. Inntektene gjeng til arbeidet med stiar og løyper.

Facebooksida Birtedalen sti og løypelag hadde 1 509 likarar pr 31.12.17 - pr 31.12.18 har vi 1 631 likarar, ein god auk! Her når vi ut til flest med informasjon, og dialog.

Heimesida har mindre besøk. Ca 20 pr dag. Ikkje så gode på å oppdatere denne.

Grasrotmottakar, Norsk tipping. Pr 31.12.18 hadde vi 64 giverar. Det er auk på 13 frå året før.

Vi fekk ei fin heilside i Vest-Telemark Blad 27. mars om løypenettet med fokus på dugnadsarbeid.

24.03.19